

# Vi er sikker på det ordnar seg til sist

Ola Dimmen

Trad rallarvise: Svarta Bjørn



Vi er olje - folket i frå høga nord. Og vi kjempar klima - kampen for vårjord. All vår



gass er rein og pen og vi skal lage hydro-gen. Ja for klima der er olja suve-ren.

2. Vi skal fange store mengder CO2.  
Med ei oljenæring som er stolt og god.  
Vi har klimakur og planar  
for det store som skal skje.  
Vi kan tømme sokkelen i ro og fred.

3. Vi skal bore opp mot iskanten i nord  
for profitten her den kan bli veldig stor.  
Og regjeringa og Olja  
vil at dette skal gå fort,  
so no vonar vi at isen smeltar bort.

4. Og den grønne veksten reddar oss fordi  
vi har mengder med fornybar energi.  
Vi har Tesla og mobilar  
og metall frå mange land,  
so no bygger vi turbinar der vi kan.

5. Men i media må vi alltid passe på,  
ikkje snakke slik at barna kan forstå.  
Klimakrisa er så trist  
og vi er tekno-optimist.  
Vi er sikker på det ordnar seg til sist.

